



Edvin Kjærland og Marit Røsland planter så sveitten renn onsdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir blomeprakt som aldri før i Uskedalen i år! Det gjeld ikkje berre i dei private hagane, som allereie er godt på tur, men også på arealar som på sett og vis er "felleseige".**

Vi siktar då framfor alt til den svære rabatten ved busshaldplassen, som før berre var ei stor og trist gras-slette, men som no har gjennomgått ein dramatisk forvandling i Uskedalen Utviklings regi. For rundt 5.000 kroner er det planta tuja, rhododendron, blågran, roser og beinved. Etterkvart blir dette til ein fargesymfoni i raudt og kvitt og særleg er det grunn til å sette store voner til rhododendronen – den blir knallraud til 17. mai! Også dei planta rosene er raude.

- Kanskje vil si supplera med nokre sommarblomer til slutt, samstundes som det blir sett sommarblomer i dei tradisjonelle urnene rundt i dalen. Det kan faktisk bli ein symfoni med nasjonalfargane til Grunnlovsdagen, seier Marit Røsland.

Ho planta så sveiten rann saman med Edvin Kjærland onsdag ettermiddag.

Edvin er mannen som kan det meste, ikkje minst når det gjeld blomar og buskvekster.

Men det gror også godt i privathagane no om dagen. Krokusen er praktfull og etterkvart kjem påskeliljene, godt tima til den store høgtida. Vi skal ikkje her utløysa noko tevling om kvem som har dei finaste påskeliljene, men førebels ligg Lasse Yri godt an!

Apropos krokus: Den utruleg vakre vegskråninga på Haugland er eit kapittel for seg framleis. Den har fått pryda framsida her i uskedalen.no i mange dagar no og det er førebels ingen grunn til å skifte den ut. Men snart vil krokusen på Haugland bli supplert med/avløyst av andre blomar og vi lovar å følge med!

Av Ola Matti Mathisen



Har Lasse Yri dei finaste påskeliljene ? (Foto: Ola Matti Mathisen)